

RAPPORT

Kaupanger stavkyrkje - Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	5
Vedtaksprosess og tiltak	5
Kyrkjegardsmur	5
Kyrkjekunst og inventar	5
Samandrag	7
Litteratur og kjelder	7
Fotnotar	7

Kaupanger stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRKING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Kyrkerommet: Skipet i kyrkja med korbogen og Gjødeepitafet. Foto: Ragnar Utne, Riksantikvarens arkiv.

Kaupanger stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Kaupanger stavkyrkje ligg inst i Sognefjorden. Kyrkja er ei langkyrkje med heva

midtrom støtt av 22 stavar på grunnstokkar. Kyrkja vert datert til omkring 1140. Kyrkja har vore bygd om ei rekke gangar, og er den lengste av stavkyrkjene våre. Skipet vart utvida mot vest med to stavar i mellomalderen. Sperretaket over midtrommet er fornya. Omgangane har pulttak mot veggane i midtrommet. Koret er rektangulært forma med heva midtrom bore av to stavar

på grunnstokk. Det er også pulttak over korets austre del mot svillen til midtrommet. Etter ei omfattande restaurering i perioden 1959-65 har kyrkja stått som ei enkel stavkyrkjeform, dekkja av liggande kledning. Den har eit lite våpenhus framfor vestinggangen med saltak og ein takryttar over den vestre delen av skipet.



Skadar i samband med tidlegare kitting: Detalj frå Gjødeepitafet. Foto: Birger Lindstad, Riksantikvarens arkiv.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPGRAMMET

Ved synfaring var stavkyrkja i Kaupanger i god stand. Unntaket var kyrkjegardsmuren og forstøtningsmuren rundt kyrkja, som hadde behov for utbetring. I tillegg vart det ved synfaring påvist store behov for utbetring av kyrkjekunsten og inventaret i kyrkja.

VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

KYRKJEGARDSMUR

Muren rundt kyrkjegarden på Kaupanger har vore i dårleg stand. Dette gjeld den delen av

muren som går frå porten ved parkeringsplassen og ned mot kyrkjegardsbygget. Her vart muren sett i stand.

Tidlegare har kyrkjegarden vore utvida fleire gongar og massar er fylt på i den søraustre delen av kyrkjegarden. Det er i denne delen av muren at problema har vore meir kritiske. Når det gjeld sjølve muren, har den setningsskader som gjer at den på sikt vil rase heilt ut. Delar av kyrkjegarden har sokke ned så mykje som ein halv meter. Store deler av muren må difor takast heilt ned og murast opp på nytt samstundes som det bør

etablerast eit nytt fundament under muren. Ein god del av steinen frå den gamle muren kan nyttast opp att, men det må supplerast med noko ny stein. Det er enno ikkje gjennomført tiltak med forstøtningsmuren.

KYRKJEKUNST OG INVENTAR

I Kaupanger stavkyrkje var det fleire dekorerte veggjar og gjenstandar som trengde omfattande behandling av konservatorar. Veggflatene i både kor og skip har limfargedekor som måtte behandlast. Utover dette var også epitafet over korboga og ein



Gjodeepitafet: Det store epitafet før behandling. Foto: Birger Lindstad, Riksantikvarens arkiv.

del andre gjenstandar i kyrkja også anbefalt å behandle in situ.¹ Dette kravde at stillas vart sett opp og at konserveringsarbeid

føregjekk over lenger tid. Heile interiøret i kyrkja vart dekorert med ranke- og draperidekor i limfarge ved byrjinga av 1600-talet. I løpet av 2008 og 2009 vart

limfargedekoren i kyrkja behandla, konsolidert og retusjert. Vidare vart altertavla frå 1634, preikestolen og døypefonten behandla. Utover

dette vart både Gjødeepitafet frå 1634 og epitafet over Willumsen og hans familie reinsa, konsolidert og retusjert. Det omfattande arbeidet med istandsetjinga av kyrkjekunsten kan studerast i detalj i dei respektive rapportane som fylgjer arbeida.²

SAMANDRAG

Kaupanger stavkyrkje har heva midtrom i skip og kor. Kyrkja er datert til omkring 1140. Kyrkja har vore bygd om ei rekkje gangar, og er den lengste av stavkyrkjene då den vart forlenga mot vest i mellomalderen. Den noverande utforminga av kyrkja er eit resultat av restaureringa som vart gjennomført i byrjinga av 1960-talet. Kyrkja fekk då ny utvendig kledning og taket vart fornya. Det var ikkje naudsynt med istandsetting av kyrkjebygget i regi av stavkyrkjeprogrammet. Det vart berre utført arbeid med reparasjon av kyrkjegardsmurar og kyrkjegardsportalen. I 2008 og 2009 vart det gjennomført omfattande arbeid med kyrkjekunsten i Kaupanger. Altertavla, preikestolen, døypefonten, samt dei to epitafa, som alle er datert til 1600-talet, vart behandla. I tillegg vart limfargedekoren i kor og skip restaurert.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske staokirkene*. Oslo, AFRO 2005.

RAPPORTAR

Devold, Ellen M. *Befaringsnotat av 21.11.05*, 2005.

Devold, Ellen. *Befaringsnotat vedr. dekor og kirkekunst av 18.03.04*, 2004.

Devold, Ellen. *Kapuanger staokirke Stavkirkeprogrammet Befaring 17.11.05*, 2005.

Olstad, Tone M. NIKU *Oppdragsrapport 246/2009 Kaupanger stavkirke. Behandling av altertavle, prekestol, døypefont og "Gjødeepitafiet", samt limfargedekor i kor og skip*, 2009.

Olstad, Tone M. NIKU *Oppdragsrapport 246/2009 Kaupanger stavkirke. Behandling av altertavle, prekestol, døypefont og "Gjødeepitafiet", samt limfargedekor på vegger og konstruksjon*, 2009.

Olstad, Tone M. *Befaring til Kaupanger stavkirke 22.01.2008. Vurdering av kirkekunst til konservering*, 2008.

Osland, Heidi Kathrin. *Søknad om godkjenning av tiltak på kyrkjegardsmur ved Kaupanger stavkyrkje*, 2015.

Stein, Mille. *Rapport fra tilstandsregistrering av interiør og inventar i Kaupanger stavkirke*, 2003.

Stein, Mille. *Befaringsrapport, Tilstandsregistrering og prioritering av kirkekunst til konservering 10.11.03*. 2003.

Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.

FOTNOTAR

¹ Olstad, Tone M. *Befaring til Kaupanger stavkirke 22.01.2008. Vurdering av kirkekunst til konservering*, 2008.

² *Oppdragsrapport 246/2009 Kaupanger stavkirke. Behandling av altertavle, prekestol, døypefont og "Gjødeepitafiet", samt limfargedekor på vegger og konstruksjon*, 2009.

